



## STORTINGET

# Innst. 222 S

(2019–2020)

Innstilling til Stortinget  
frå energi- og miljøkomiteen

Dokument 8:37 S (2019–2020)

---

### **Innstilling frå energi- og miljøkomiteen om Representantforslag fra stortingsrepresentantene Marit Arnstad, Sandra Borch, Kari Anne Bøkestad Andreassen, Emilie Enger Mehl og Ole André Myhrvold om å forvalte bjørnebestanden ut fra riktig antall bjørn**

---

Til Stortinget

#### **Bakgrunn**

I dokumentet vert følgjande forslag fremja:

- «1. Stortinget ber regjeringen utarbeide en ny tellemetode for bjørneynglinger som viser det reelle nivået på bestanden.
- 2. Stortinget ber regjeringen gjennomføre en kartlegging av det reelle nivået på bjørnebestanden gjennom en telling.»

Ein viser til dokumentet for ei nærare grunngjeving for forslaga.

#### **Merknader frå komiteen**

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Åsmund Aukrust, Espen Barth Eide, Ruth Grung, Else-May Norderhus og Runar Sjåstad, frå Høgre, Liv Kari Eskeland, Stefan Heggelund, Aase Simonsen og Lene Westgaard-Halle, frå Framstegspartiet, Jon Georg Dale og Terje Halleland, frå Senterpartiet, Sandra Borch og Ole André Myhrvold, frå Sosialistisk Venstreparti,

Lars Haltbrekken, frå Venstre, leiaren Ketil Kjenseth, frå Kristeleg Folkeparti, Tore Storehaug, og frå Miljøpartiet Dei Grøne, Une Bastholm, syner til Dokument 8:37 S (2019–2020), Representantforslag fra stortingsrepresentantene Marit Arnstad, Sandra Borch, Kari Anne Bøkestad Andreassen, Emilie Enger Mehl og Ole André Myhrvold om å forvalte bjørnebestanden ut fra riktig antall bjørn.

Komiteen vil peike på at forvaltinga av store rovdyr i Noreg, herunder bjørn, byggjer på breie politiske forlik i Stortinget – i dette tilfellet forlika frå 2004 og 2011.

Komiteen vil understreke at Stortingets vedtak om rovviltpolitikken skal følgjast opp. Det inneber også den todelte målsetjinga, som sikrar at det både vert lagt vekt på Noregs medansvar for levedyktige bestandar av store rovdyr i Skandinavia og omsynet til beitenæringa.

Komiteen vil også understreke at all naturforvalting skal vere kunnskapsbasert. Kunnskap og innsikt, i dette tilfellet i bjørnen sitt levesett, er viktig for at vi skal få ei rett forvalting.

Komiteen syner til vedlagt svarbrev frå statsråd Sveinung Rotevatn, datert 12. februar 2020, der han mellom anna skriv følgjande:

«Det fyrste forslaget omhandlar å utarbeide ei ny metode for teljing av ungekull av bjørn. Slik eg forstår bakgrunnen for forslaget, meiner dei som fremjar representantforslaget at dokumentasjon av ungekull kan vere eit alternativ eller supplement til dagens metode med estimering av talet på ungekull av bjørn. Frå rovviltpolitikken i 2004 vart nettopp dokumenterte ungekull lagt til grunn i vurderinga av måloppnåinga for bjørn. Det er utfordringar knytt til bruk av denne metoden.»

Komiteen merkar seg at statsråden vidare gjer greie for at ein i 2010 fekk ein ny modell, som også vart

lagt til grunn for rovdyrforliket i 2011. Modellen er utvikla av Det skandinaviske bjørneprosjektet spesielt for å beregne ungekull av bjørn i Noreg. Det er denne modellen som i dag vert brukt for vurdering av om bestandsmålet for bjørn er nådd.

Komiteen meiner forvaltinga, herunder bestandsberekingar, alltid må basere seg på beste tilgjelege faglege metode. Komiteen kan forstå at det kan opplevast som frustrerande at lokale observasjonar tyder på at det finst fleire ynglende binner i eit område enn det offisielle talet som er berekna.

Fleirtalet i komiteen, alle unntake medlemene frå Senterpartiet, er likevel av den meining at også den modellen som forslagsstillarane tek til orde for, har svakheiter ved seg.

Fleirtalet meiner at Stortinget ikkje skal overprøve forvaltinga i den faglege vurderinga av kva som er best metode for treffsikker teljing av bjørneynglingar.

Komiteen føreset likevel at regjeringa og forvaltinga løpende forsikrar seg om at bestands- og berekningsmetodane er dei best tilgjelege. Det er avgjerande for at det er tillit mellom folk og forvalting. Og denne tilliten er ein føresetnad for ein føreseieleg rovdypolitikk som står seg over tid.

Fleirtalet i komiteen, alle unntake medlemene frå Senterpartiet, meiner difor forslaget ikkje skal vedtakast.

Komiteens medlemmer fra Senterpartiet viser til rovviltforliket fra 2011, jf. Dokument 8:163 S (2010–2011), som slår fast at bestandsmålet for ynglende bjørn er 13, og at bestanden av brunbjørn overvåkes gjennom Nasjonalt overvåkingsprogram for rovvilt og beregnes ved å analysere DNA fra innsamlede ekskrementer og hår. Siden overvåkning av bestanden er koncentrert til innsamling og analyse av biologisk materiale, er antall registrerte bjørner, slik disse medlemmer forstår det, til enhver tid et minimumstall. Stortings bestandsmål retter seg mot hvor mange bjørnekull som blir født årleg. For bjørn beregnes ikke dette ved faktisk observasjon eller telling av ynglinger. I stedet gjøres en matematisk beregning av antall ynglinger basert på DNA-prøvene og hvor mange bjørner som er registrert med oppholdssted i Norge i inneværende sesong. Det gjøres en simulering ut fra faktorer som arealbruk, alderssammensetning og reproduksjonsdata. Disse medlemmer mener at når tallet på ynglinger er basert på en slik matematisk beregning av ulike parametre, blir det også svært usikkert. Videre er det slik at sikre observasjoner av enkeltbjørner eller binner med ynglinger ikke teller med i bestandstellingen. DNA-prøver som registreres som bjørn, men som ikke ID-registreres på individnivå, medregnes heller ikke. Disse

medlemmer viser til at data fra Rovbase og Rovdata indikerer at det reelle tallet på bjørneynglinger kan være høyere enn den offisielle bestandsstatusen etter dagens tellemetode. Disse medlemmer viser til at det for perioden 2011–2018 er funnet 350 bjørner som er registrert som tidligere ukjente. Disse medlemmer ser det derfor som sannsynlig at mange av de nye bjørnene er uregistrerte bjørner født i Norge, og at dette funnet indikerer unøyaktighet i tellingen. I tillegg vil disse medlemmer peke på at innsamling av prøver i stor grad baserer seg på frivillige bidrag, noe som kan være med på å øke tilfeldigheter i forbindelse med registrering og telling av bjørn.

Disse medlemmer viser etter dette til at dagens tellemetode for bjørn har mange feilkilder, og at det er indikasjoner på at bestanden i realiteten er høyere enn det som registreres. Disse medlemmer mener det må utarbeides en ny metode som gir et reelt bilde av bjørnebestanden, og er av den oppfatning at dagens tellemetode er konfliktdrivende og ikke ivaretar den todelte målsettingen i rovviltforvaltningen på en god måte. En mer nøyaktig registrering av bestandsstatus er avgjørende for å skape tillit til forvaltningen. Disse medlemmer mener det blant annet er problematisk at sikre og dokumenterte observasjoner av ynglinger ikke vurderes opp mot den matematiske bestandsutregningen. Disse medlemmer peker videre på at det er behov for å gjennomføre en telling av bestanden for å få kartlagt bestandens utbredelse per i dag. Dette vil være et viktig utgangspunkt for videre forvaltning av bjørnestammen.

Disse medlemmer mener dette er spesielt viktig når regjeringen la følgende til grunn, jf. side 91 i Klima- og miljødepartementets budsjettproposisjon, Prop. 1 S (2019–2020):

«For å auke sannsynet for å auke bestanden av brunbjørn opp mot bestandsmålet, vil regjeringa legge foringar om at område med kjent førekommst av binner må prioriterast til bjørn inntil det nasjonale bestandsmålet er nådd.»

Disse medlemmer vil vise til Senterpartiets merknad i den forbindelse, jf. Innst. 9 S (2019–2020):

«Disse medlemmer reagerer sterkt på at regjeringen går ut over rovviltforliket, og vil påpeke at endringer av Stortings rovviltforlik må gjøres gjennom aktive vedtak og ikke gjennom beskrivelser av den aktive rovviltforvaltingen. Disse medlemmer vil påpeke at rovviltforvaltningen skal iverksette uttak når bjørnebinner skader og dreper husdyr i beiteprioriterte områder selv om bestandsmålet ikke er nådd. Raske uttak av rovdyr som gjør skade i beiteprioriterte områder er svært viktig for å skape forutsigbare rammer for beitebrukerne og konfliktredusjon.»

På denne bakgrunn vil disse medlemmer sette frem følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen utarbeide en ny tellemetode for bjørneynglinger som viser det reelle nivået på bestanden.»

«Stortinget ber regjeringen gjennomføre en kartlegging av det reelle nivået på bjørnebestanden gjennom en telling.»

## Forslag frå mindretal

### Forslag frå Senterpartiet:

#### *Forslag 1*

Stortinget ber regjeringen utarbeide en ny tellemetode for bjørneynglinger som viser det reelle nivået på bestanden.

#### *Forslag 2*

Stortinget ber regjeringen gjennomføre en kartlegging av det reelle nivået på bjørnebestanden gjennom en telling.

## Tilråding frå komiteen

Tilrådinga frå komiteen vert fremja av medlemene i komiteen frå Arbeidarpartiet, Høgre, Framstegspartiet, Sosialistisk Venstreparti, Venstre, Kristeleg Folkeparti og Miljøpartiet Dei Grøne.

Komiteen har elles ingen merknader, viser til representantforslaget og rår Stortinget til å gjere følgjande

vedtak:

Dokument 8:37 S (2019–2020) – Representantforslag fra stortingsrepresentantene Marit Arnstad, Sandra Borch, Kari Anne Bøkestad Andreassen, Emilie Enger Mehl og Ole André Myhrvold om å forvalte bjørnebestanden ut fra riktig antall bjørn – vert ikkje vedteke.

Oslo, i energi- og miljøkomiteen, den 31. mars 2020

**Ketil Kjenseth**

leiar

**Tore Storehaug**

ordførar

## **VEDLEGG**

### **Brev frå Klima- og miljødepartementet v/statråd Sveinung Rotevatn til energi- og miljøkomiteen, datert 12. februar 2020**

#### **Svar på representantforslag 37 S (2019-2020) om å forvalte bjørnebestanden ut frå riktig tal på bjørn**

Eg viser til brev av 30. januar 2020 frå Energi- og miljøkomiteen om representantforslag 37 S (2019-2020) om å forvalte bjørnebestanden ut frå riktig tal på bjørn.

Forslaga som er fremja i representantforslaget lyd:

- 1. Stortinget ber regjeringen utarbeide en ny tellemetode for bjørneynglinger som viser det reelle nivået på bestanden.*
- 2. Stortinget ber regjeringen gjennomføre en kartlegging av det reelle nivået på bjørnebestanden gjennom en telling.*

Som øvste ansvarlege for rovviltninga, har eg eit klart ansvar for å sørge for at dei overordna rammene for forvaltninga er best mogeleg. Det omfattar at overvakkinga er god nok, og at vi får oppdaterte og kvalitetsikra tal på om bestandsmåla blir nådd. Gode oversikter over bestandane er eit viktig premiss for å kunne føre ei dynamisk og føreseileg rovviltning. Eg ser det samstundes som viktig å ikkje blande politikk inn i val av metodikk i bestandsregistreringane av rovviltning. Skiljet vi har i dag er viktig for å ha eit objektivt grunnlag for vurderingane som blir gjort.

Nasjonalt overvåkingsprogram for rovviltning skal sikre at kartlegginga og overvakkinga av rovviltning blir utført på ein best mogeleg måte og likt over heile landet. Miljødirektoratet er ansvarleg for programmet. Rovdata har ansvaret for drift av det nasjonale overvåkingsprogrammet, samt samanstilling, kvalitetssikring og rapportering av resultata. Eg er trygg på at vi har eit av verdas beste overvåkingsprogram for rovviltning, og at vi har gode metodar for overvakking av bjørn. Det er likevel slik at det alltid vil kunne gjerast forbetringer av metodikken.

Fagrådet for Nasjonalt overvåkingsprogram for rovviltning består av ekspertar på feltet. I deira mandat heiter mellom anna at dei skal *"gi råd til Miljødirektoratet om hvordan Nasjonalt overvåkingsprogram for rovviltning kan innrettes på en best mulig måte, slik at resultater som fremkommer er faglig holdbare og i henhold til anerkjent metodikk for bestandsovervåking av rovviltning"*. Fagrådet skal altså bidra til kvalitetssikring av overvakkinga, og vurderer og kjem med anbefalingar om mellom anna innretning på og nyutvikling av metodane som nyttast slik at overvakkinga vert optimalisert. Alle som vil kan ta kontakt med Fagrådet.

Trass i at eg meiner det ikkje skal leggast politiske foringar på val av overvåkingsmetodikk, vil eg kort

kommentere dei to forslaga som er fremja i representantforslaget.

Det fyrste forslaget omhandlar å utarbeide ei ny metode for teljing av ungekull av bjørn. Slik eg forstår bakgrunnen for forslaget, meiner dei som fremjar representantforslaget at dokumentasjon av ungekull kan vere eit alternativ eller supplement til dagens metode med estimering av talet på ungekull av bjørn. Frå rovviltninga i 2004 vart nettopp dokumenterte ungekull lagt til grunn i vurderinga av måloppnåinga for bjørn. Det er utfordringar knytt til bruk av denne metoden. For det fyrste ligg bjørnar i hi i den perioden av året der sporsnø kan nyttast i overvakkinga. Vidare er bjørnar sky dyr, som ikkje vert observert ofte. Dersom binner med ungar likevel vert sett, er det vanskeleg å sjå forskjell på årsungar og fjarårsungar. Erfaring viser at ukritisk bruk av informasjon frå publikum om observasjonar av binner med årsungar kan føre til ei overestimering av talet på ungekull. Vidare er det slik at bjørneunger er utsett for infanticid (ungedrap), der hannbjørnar drep ungar dei ikkje er i slekt med. Dette kan føre til ei underestimering av talet på ungekull, og vil være ei feilkjelde når ein utover i sesongen skal dokumentere ungekull.

I 2006 vart det sett i gang innsamling og analysering av DNA-materiale frå bjørn i delar av landet, og frå 2009 er dette gjort landsdekkande og gjennomført årleg. Overvakkinga gjev oss årleg tal over kor mange bjørnar som minimum har vore innom Noreg i løpet av ein sesong. Sidan overvakkinga gjev talet på bjørn, og bestandsmålet er gjeve i tal på ungekull, fekk Det skandinaviske bjørneprosjektet i oppdrag å utvikle ein ny vitskapleg modell for å berekne sannsynleg tal på ungekull ut frå det registrerte talet på binner. Modellen kom i 2010 (*Bischoff, R. og Swenson, J.E., 2010, Estimating the number of annual reproductions based on the number of female brown bears documented in Norway in 2008 and 2009*), og er spesielt utvikla for å estimere tal på ungekull av bjørn i Noreg. Modellen gjer overvakkinga uavhengig av informasjon om dokumenterte ungekull. Modellen og resultata frå og med 2008 vart lagt til grunn for Stortinget sitt arbeid med rovviltninga i 2011. Modellen avløyste den tidlegare metoden med bruk av dokumenterte ungekull, og departementet legg resultata frå denne modellen til grunn for vurdering av om bestandsmålet for bjørn er nådd.

Det andre forslaget omhandlar å gjennomføre ei kartlegging av det reelle nivået på bjørnebestanden gjennom ei teljing. Som det går fram av bakgrunnen til representantforslaget, er dei som fremja forslaget godt

kjent med at bjørnebestanden i Noreg i dag vert overvaka gjennom årlege, landsomfattande DNA-innsamlings. Som nemnt over er dette gjort i Noreg sidan 2009. Feltpersonell i Statens naturoppsyn (SNO) samlar inn DNA-materiale frå bjørn, mellom anna ved sporing på snø, nyleg brukte hi, og ved undersøking av skader på husdyr og tamrein. I tillegg er det godt lagt til rette for at turgåarar, jegerar, næringsutøvarar og andre kan samle inn prøver som også vert ein del av grunnlaget for analysane og resultatata. Frå lokalt hald har det i det seinare vore etterspurt informasjon om og resultat frå DNA-analyser gjennom beitesesongen. Frå og med i fjor har Rovdata endra rapporteringa av slike resultat, slik at dette også føreligg gjennom beitesesongen og ikkje berre i den endelege rapporten som kjem i april året etter at prøvene er samla inn.

I bakgrunnen for forslaget går det fram at ei teljing for eksempel vil kunne gjennomførast på snø om våren etter at bjørnane har vakna frå dvale. Her vil eg nok ei gong peike på at eventuelle endringar i overvakingsmetodikk ikkje bør vere basert på politisk fatta vedtak, men at innspel til endringar kan kommuniserast til Fagrådet for Nasjonalt overvåkingsprogram for rovvilt.





